

Protokoll generalforsamling i Todalsfjordprosjektet AS

Stad: Sunndal kulturhus, SUNNDALSØRA

Tidspunkt: Tysdag 27.juni 2023, kl. 12.45

Aksjonærer som var representerte på møtet framgår av aksjonærlista nedanfor:

Selskapsnamn ved teikning aksjar	Aksjar	% eigardel	Personleg oppmøte	Fullmakt til
Møre og Romsdal Fylkeskommune	5000	59,63 %		Per Ove Nydal
Surnadal kommune	1425	16,99 %	Hugo Pedersen	
Sunndal kommune	1400	16,70 %	Ståle Refstie	
Svorka Energi AS	100	1,19 %		
Sparebank 1 Nordmøre	80	0,95 %		
Tingvoll kommune	50	0,60 %		Ståle Refstie
Rindal kommune	50	0,60 %		Sivert Dombu
Røv Mølle AS	50	0,60 %		Per Ivar Vikhagen
Nordre Nordmøre Bru og Tunnelselskap AS	50	0,60 %		
Vy Buss AS	45	0,54 %		
Sunndal Næringselskap AS	25	0,30 %	Tove-Lise Torve	
Sunndal Sparebank	25	0,30 %		
Jebo AS	15	0,18 %		
Talgø AS	10	0,12 %		
Allskog SA	10	0,12 %		
Surnadal Transport AS	10	0,12 %		
Talgø AS	10	0,12 %		
Alf Engen AS	8	0,10 %		
Grytnes & Angvik Entreprenør AS	5	0,06 %		
Melkilds Bilverksted AS	5	0,06 %		
Storvik AS	5	0,06 %	Siri Sande	
LL Holding AS	5	0,06 %		
Sunndal Boligbyggelag AS	2	0,02 %		
Totalt	8385	100 %		

Frå styret møtte fungerande styreleiar Per Ove Nydal og styremedlem Arild Håkonsen.

Frå administrasjonen møtte dagleg leiar Trond Skogseth

Frå valkomiteen møtte Knut Haugen

Sakliste:

- Opning av generalforsamlinga ved styreleiar**
Generalforsamlinga vart opna av fungerande styreleiar Per Ove Nydal.
- Registrering av møtande aksjonærer og godkjenning av ev. fullmakter**



Representasjonen ble einstemmig godkjent. Av 8385 aksjar var 95,47 % (8005 aksjar) representerte.

3. Val av møteleiar, protokollskrivar og éin person til å skrive under protokollen i lag med møteleiar.

Til å leie generalforsamlinga vart Per Ove Nydal einstemmig valt.

Til å skrive protokollen vart Trond Skogseth einstemmig valt.

Til å underskrive protokollen i lag med møteleder vart Ståle Refstie valt.

4. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

5. Godkjenning av årsberetning og rekneskap for 2022, inkl. gjennomgang av revisors beretning

Rekneskap og styrets årsmelding for året 2022 vart gjennomgått.

VEDTAK: Generalforsamlinga godkjente årsrekneskap og årsmelding for 2022, med eit underskot på 1 079 591 kroner. Generalforsamlinga godkjente vidare at underskotet blir dekt av selskapets eigenkapital.

6. Val av revisor og fastsetting av godtgjering for revisor

VEDTAK: BDO fortset som selskapets revisor og blir godtgjort etter rekning.

7. Fastsetting av honorar til styreleiar, nestleiar og styremedlemmar for 2022

VEDTAK: Gjeldande satsar vidareførast, med følgjande spesifisering:

- Styreleiar: Fast godtgjering på 33000 kr/år (12. mnd.) pluss 1850 kr/møte.
- Nestleiar: Fast godtgjering på 5500 kr/år (12. mnd.) pluss 1850 kr/møte.
- Styremedlem: Fast godtgjering på 5000 kr/år (12. mnd.) pluss 1850 kr/møte.

8. Val av styremedlemmar, styrets leiar og nestleiar.

Knut Haugen orienterte om valkomiteens arbeid og presenterte forslag til nye styremedlemmar:

- Tove-Lise Torve, som styremedlem for to (2) år
- Per Ove Nydal, som styremedlem for to (2) år
- Gjenvalg Berit Tønnesen, for to (2) år
- Gjenvalg Kathrine Mausest, for to (2) år
- Reidar Gullikstad Hagen Sira, som nytt styremedlem for to (2) år
- Martha Torvik, som nytt styremedlem, for to (2) år.



- Arild Håkonsen som nytt varamedlem for eitt (1) år.

Stig Helle-Tautra og Asbjørn Tronsgård sto ikkje på val

VEDTAK: Generalforsamlinga godkjente einstemmig valkomiteens innstilling.

Som ny styreleiar føreslo valkomiteen Tove-Lise Torve for eitt (1) år.

Som ny styrets nestleiar føreslo valkomiteen Per Ove Nydal for eitt (1) år.

VEDTAK: Generalforsamlinga godkjende einstemmig valkomiteen si innstilling.

9. Val av valkomité til generalforsamlinga i 2023

Valkomiteen stilte sine plassar til disposisjon.

VEDTAK: Etter forslag fra generalforsamlinga vart Ståle Refstie, Hugo Pedersen, Randi Walderhaug Frisvoll og Eva Heidi Lund Silseth valt som medlemmar av valkomiteen. Valkomiteen konstituerer seg sjølv.

10. Behandling av saker som aksjeeigarar har krevd å få behandla eller som etter vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga

Det hadde ikkje kome inn saker til behandling.

11. Behandling av styrets forslag til reviderte vedtekter for selskapet.

Per Ove Nydal orienterte om styrets forslag til nye vedtekter.

VEDTAK: Etter justering av styrets forslag gjort i generalforsamlinga, vart nye vedtekter for selskapet vedtekne, sjå vedlegg.

Møtet vart heva kl. 13.30.



Per Ove Nydal



Ståle Refstie

